



# DEN NORSKE KYRKJA

Os sokneråd

Kyrkjerådet  
PB 799 Sentrum, Rådhusgata 1-3  
0106 OSLO

**Deres ref.:**                **Vår ref.:**                **Vår sakshansamar.:** **Arkivkode:** **Dato:**  
   17/00011-002                GAH                                002.0                14.06.2017

## HØYRINGSFRÅSEGN - REVISJON AV VALREGLAR TIL KYRKJELEGE VAL

Os sokneråd/kyrkjeleg fellesråd har i møte 8/6 drøfta ulike spørsmål/problemstillingar knytt til høyringsframlegget og vil gje fråsegn til nokre punkt/prinsipp.

### Os sokneråd legg til grunn:

- Vi ønskjer ein demokratisk styrt folkekyrkje der dei som har røysterett ved kyrkjeval utgjer demokratiet. Eit viktig demokratisk prinsipp er at alle har ei røyst.
- Soknet er grunneininga i kyrkja og dei folkevalde som representerer soknet må utgjere dei styrande organ.
- Det må vere enkelt å avgje røyst.
- Det må vere enkelt å vite kva ein røyster på.
- Det må vere enkelt å stille til val.
- Valordningar i kyrkja må vere nærast mogeleg like som valordningar for andre offentlege val (val til kommunestyre, fylkesting og Storting).

### Direkte/indirekte val til bispedømeråd:

Os sokneråd meiner det må vere:

- a) Direkteval til alle medlemmer til bispedømerådet
- b) Delt val; 4 veljast direkte, 3 veljast indirekte av sokneråda.

Avrøysting:  
Alternativ A: 7  
Alternativ B: 4

### Fleire vallister:

Os sokneråd meiner at det skal vere felles frist for alle vallister.

Avrøysting: Soknerådet slutter seg til detet prinsippet.

**Adresse:**  
Postboks 209  
5202 OS

**Tlf/faks**  
Tlf: 56572400  
Faks: 56572401

**E-post/Internett:**  
post@os.kyrkja.no  
www.kyrkja.no/no

**Bankkonto / Org.nr.:**  
3201 53 26254  
976995155



# DEN NORSKE KYRKJA

Os sokneråd

## Personvalreglar

- a) Os sokneråd slutter seg til framlegget om å gje tilleggsrøyst avgrensast til 3 røyster.
- b) Os sokneråd ønskjer at det skal vere høve til å stryke kandidatar.
- c) Os sokneråd ønskjer at det kan førehandskumulerast 1 kandidat på kvar valliste.

### Avrøysting:

- A) Samrøystes bifall
- B) 10 røysta JA, 1 røysta nei
- C) 9 røysta Ja, 2 røysta nei.

## Stemmerett og manntall

Os sokneråd ønskjer at tilleggsinnføring i manntallet kan skje fram til utgong av august i valåret.

### Avrøysting:

10 røysta JA, 1 røysta nei.

Etter Os sokneråd si vurdering bør ein ikkje bruke ressursar på å lage eige manntall for kyrkjeleg tilsette. Dette kan først inn manuelt lokalt.

## **Tillegg:**

Som eit tillegg vil vi utfordre kyrkjerådet til å lage betre og kortare høyringsdokument ved seinare høyringar. Ein «kortversjon» på heile 18 sidar kan vanskeleg kallast kortversjon; ein må kunne få fram dei viktigaste prinsipp i eit dokument på 4-8 sider.

Venleg helsing  
**OS SOKNERÅD**

GAR  
Kyrkjeverje

**Adresse:**  
Postboks 209  
5202 OS

**Tlf/faks**  
Tlf: 56572400  
Faks: 56572401

**E-post/Internett:**  
post@os.kyrkja.no  
www.kyrkja.no/no

**Bankkonto / Org.nr.:**  
3201 53 26254  
976995155